

# 2021

---

KVARTALSRAPPORT 31.03.2021



SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRE  
NO 937 899 785  
TELEFON 70 07 00 00

**SpareBank** 1  
SØRE SUNNMØRE



KFUM-signering, foto: Sparebank 1 Søre Sunnmøre

# INNHALD

HOVUDTAL .....	04
RAPPORT FRÅ STYRET .....	06
RESULTAT .....	11
BALANSE .....	12
ENDRING I EIGENKAPITAL .....	13
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING .....	14
NOTAR	
1. REKNESKAPSPRINSIPP .....	15
2. SEGMENTINFORMASJON .....	16
3. UTLÅN TIL OG KRAV PÅ KUNDAR .....	17
4. TAP PÅ UTLÅN OG GARANTJAR .....	18
5. KAPITALDEKNING .....	23
6. FINANSIELLE EIGNELUTAR VURDERTE TIL VERKELEG VERDI .....	25
7. VERDIPAPIRGJELD OG ANSVARLEG LÅN .....	28
8. INNSKOT FRÅ KUNDAR .....	29
9. LIKVIDITETSRISIKO .....	29
10. EIGARDELSKAPITAL OG EIGARSTRUKTUR .....	30
11. VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNMESSIGE VURDERINGAR .....	30
ERKLÆRING FRÅ STYRET OG ADMINISTRERANDE DIREKTØR .....	31

# HOVUDTAL

## RESULTAT KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	1. kvartal 2021	4. kvartal 2020	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019
Renteinntekter	52.920	56.221	55.970	64.442	81.560	82.059	80.516	70.432	65.466
Rentekostnader	18.471	17.801	18.276	30.359	40.431	39.678	37.990	34.365	29.725
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>34.449</b>	<b>38.421</b>	<b>37.694</b>	<b>34.083</b>	<b>41.129</b>	<b>42.381</b>	<b>42.526</b>	<b>36.067</b>	<b>35.740</b>
<b>Netto renteinntekter inkl. provisjon frå KF</b>									
Provisjonsinntekter	23.272	23.709	22.038	17.482	18.745	19.067	19.392	17.060	16.546
Provisjonskostnader	1.257	1.446	1.873	1.211	1.392	1.535	1.511	1.428	1.318
Andre driftsinntekter	1.081	1.120	1.131	1.488	1.470	2.262	1.455	2.646	1.055
<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>	<b>23.097</b>	<b>23.384</b>	<b>21.296</b>	<b>17.759</b>	<b>18.823</b>	<b>19.794</b>	<b>19.335</b>	<b>18.278</b>	<b>16.284</b>
<b>Netto provisjons- og andre inntekter ekskl. KF</b>									
Utbytte	5.923	2.335	329	9.111	119	4.927	68	5.050	220
Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder	5.024	6.654	8.866	8.468	17.851	-504	3.195	14.496	38.841
Netto verdiendring på finansielle eignelutar	8.139	5.032	3.123	1.374	1.482	4.041	1.544	-4.314	36.483
<b>Netto avkasting på finansielle investeringar</b>	<b>19.087</b>	<b>14.021</b>	<b>12.318</b>	<b>18.953</b>	<b>19.451</b>	<b>8.465</b>	<b>4.807</b>	<b>15.233</b>	<b>75.544</b>
<b>Sum inntekter</b>	<b>76.632</b>	<b>75.825</b>	<b>71.308</b>	<b>70.796</b>	<b>79.402</b>	<b>70.640</b>	<b>66.669</b>	<b>69.578</b>	<b>127.568</b>
Personalkostnader	16.147	16.606	15.730	14.768	17.425	19.819	16.840	15.373	16.924
Administrasjonskostnader	9.317	9.685	9.006	8.530	10.600	9.625	9.482	9.929	8.315
Avskrivningar varige driftsmidlar	1.056	1.797	2.093	2.142	2.168	2.580	1.830	1.807	1.793
Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar	-	-	117	-	106	-	-	-	-
Andre driftskostnader	5.841	6.931	3.455	4.544	6.054	7.022	4.232	4.819	4.776
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>32.360</b>	<b>35.019</b>	<b>30.167</b>	<b>29.984</b>	<b>36.140</b>	<b>39.046</b>	<b>32.384</b>	<b>31.927</b>	<b>31.808</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>44.272</b>	<b>40.805</b>	<b>41.141</b>	<b>40.812</b>	<b>43.262</b>	<b>31.594</b>	<b>34.285</b>	<b>37.651</b>	<b>95.761</b>
Nedskrivning aksjar	-248	-	-	-	-	-	-	-	-
Tap på utlån, garantiar	2.510	48	9.598	1.472	5.573	7.836	6.118	7.081	1.367
<b>Resultat før skatt</b>	<b>42.010</b>	<b>40.758</b>	<b>31.543</b>	<b>39.339</b>	<b>37.689</b>	<b>23.758</b>	<b>28.167</b>	<b>30.570</b>	<b>94.394</b>
Skattekostnad	7.900	10.810	5.100	7.200	3.300	1.095	5.800	3.300	14.000
<b>Resultat for perioden</b>	<b>34.110</b>	<b>29.948</b>	<b>26.443</b>	<b>32.139</b>	<b>34.389</b>	<b>24.854</b>	<b>22.367</b>	<b>27.270</b>	<b>80.394</b>

## HOVUDTAL KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	1. kvartal 2021	4. kvartal 2020	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019
<b>Lønsemd</b>									
Eigenkapitalavkastning etter skatt <sup>1)</sup>	10,2 %	8,8 %	7,4 %	9,93 %	10,81 %	7,10 %	6,63 %	8,76 %	27,51 %
Kostnadsprosenten <sup>2)</sup>	42,2 %	46,2 %	42,3 %	42,4 %	45,5 %	55,3 %	48,6 %	45,9 %	24,9 %
<b>Balansetal (tal i heile millionar kroner)</b>									
Brutto utlån til kundar	9.129	9.160	9.103	8.916	8.663	8.843	8.944	8.794	8.384
Brutto utlån til kundar inkl. KF <sup>3)</sup>	12.672	12.530	12.152	11.755	11.615	11.581	11.393	11.235	10.822
Innskot frå kundar	7.736	7.215	7.087	7.319	7.098	6.962	7.034	7.137	6.722
Innskotsdekning	84,7 %	78,8 %	77,9 %	82,1 %	81,9 %	78,7 %	78,6 %	81,2 %	80,2 %
Innskotsdekning inkl. KF <sup>3)</sup>	61,0 %	57,6 %	58,3 %	62,3 %	61,1 %	60,1 %	61,7 %	63,5 %	62,1 %
Utlånsvekst siste 12 mnd.	5,4 %	3,59 %	1,78 %	1,39 %	3,33 %	8,98 %	13,36 %	14,22 %	12,69 %
Utlånsvekst siste 12 mnd. inkl. KF <sup>3)</sup>	9,1 %	8,20 %	8,16 %	4,63 %	7,33 %	9,78 %	10,53 %	11,03 %	9,32 %
Innskotsvekst siste 12 mnd.	9,0 %	3,63 %	0,75 %	2,55 %	5,59 %	7,87 %	9,97 %	13,74 %	12,97 %
Forvaltningskapital	11.166	10.805	10.594	10.812	10.583	10.215	10.180	10.282	9.794
Forvaltningskapital inkl. KF <sup>3)</sup>	14.719	14.192	13.642	13.732	13.535	12.954	12.629	12.724	12.232
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) i kvartalet	11.070	10.755	10.689	10.667	10.286	10.187	10.057	9.713	9.527
<b>Tap og misleghald</b>									
Tapsprosent utlån <sup>4)</sup>	0,11 %	0,42 %	0,42 %	0,07 %	0,26 %	0,35 %	0,27 %	0,33 %	0,07 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån	0,40 %	0,48 %	0,47 %	0,47 %	0,48 %	0,53 %	0,48 %	0,61 %	0,65 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	0,09 %	0,09 %	0,14 %	0,18 %	0,00 %	0,00 %	0,08 %	0,08 %	0,16 %
Tapsprosent utlån inkl. KF <sup>3), 4)</sup>	0,08 %	0,00 %	0,31 %	0,05 %	0,19 %	0,27 %	0,21 %	0,26 %	0,05 %
Misleghaldne engasjement i % av brutto utlån inkl. KF <sup>3), 4)</sup>	0,29 %	0,35 %	0,35 %	0,36 %	0,36 %	0,40 %	0,38 %	0,47 %	0,50 %
Andre tapsutsette engasjement i % av brutto utlån inkl. KF <sup>3), 4)</sup>	0,06 %	0,06 %	0,10 %	0,14 %	0,00 %	0,00 %	0,06 %	0,06 %	0,12 %
<b>Soliditet (tal i heile millionar kroner) forholdsmessig</b>									
Rein kjernekapitaldekning	18,0 %	18,4 %	17,6 %	17,8 %	18,1 %	18,5 %	16,8 %	16,1 %	15,6 %
Kjernekapitalsprosent	19,0 %	19,3 %	19,3 %	19,6 %	19,2 %	19,6 %	17,8 %	17,1 %	16,6 %
Kapitaldekning	21,5 %	21,9 %	22,0 %	22,2 %	21,8 %	22,3 %	21,1 %	19,7 %	19,2 %
Rein kjernekapital	1.205	1.202	1.119	1.130	1.152	1.184	1.105	1.049	1.003
Kjernekapital	1.271	1.263	1.230	1.246	1.223	1.250	1.171	1.114	1.067
Ansvarleg kapital	1.438	1.436	1.398	1.414	1.392	1.419	1.385	1.281	1.234
Risikovekta balanse	6.698	6.549	6.365	6.361	6.371	6.381	6.567	6.504	6.441
Uvekta kjernekapital (Leverage Ratio)	8,3 %	8,6 %	8,6 %	8,5 %	8,5 %	8,7 %	8,3 %	7,9 %	7,9 %
Likviditetsdekning (LCR) <sup>5)</sup>	262 %	205 %	112 %	202 %	175 %	212 %	166 %	192 %	177 %
<b>Bemanning</b>									
Tal på årsverk	65	64,5	64,5	64,5	64,5	65,5	66,5	66,5	65,5
<b>Eigenkapitalbevis <sup>6)</sup> (tal i heile tusen kroner)</b>									
Resultat per eigenkapitalbevis per kvartal (i heile kr)	3,11	1,71	1,88	4,1	1,91	2,01	2,14	7,37	4,60
Tal på utferda bevis	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000	1.000
Bokført eigenkapital for eigenkapitalbevisegarane	125.031	130.031	120.531	120.531	128.531	128.531	112.500	112.500	112.500
Eigenkapitalbevisbrøk i %	10,22 %	10,54 %	10,55 %	10,53 %	11,1 %	11,0 %	11,0 %	10,96 %	10,92 %

## FORHALDSTAL I % AV GFK

(Tal i heile tusen kroner)	1. kvartal 2021	4. kvartal 2020	3. kvartal 2020	2. kvartal 2020	1. kvartal 2020	4. kvartal 2019	3. kvartal 2019	2. kvartal 2019	1. kvartal 2019
Rentenetto i prosent av GFK <sup>7)</sup>	1,30 %	1,42 %	1,40 %	1,29 %	1,60 %	1,65 %	1,68 %	1,51 %	1,52 %
Resultat etter skatt GFK	1,29 %	1,11 %	0,98 %	1,21 %	1,34 %	0,97 %	0,88 %	1,14 %	3,38 %

- Overskot i prosent av gjennomsnittleg eigenkapital (GFK). Hybridkapital er ikkje rekna med og renter på denne er fråtrekt i overskotet.
- Sum driftskostnader i % av sum inntekter.
- Kredittføretak (KF) som er nytta er SpareBank 1 Boligkreditt og Spare Bank 1 Næringskreditt.
- Nærare forklart i årsrekneskapen under utrekning av måltal.

- Likvide aktiva dividert på netto likvidtetsutgang i eit 30 dagers alvorleg stressscenario.
- Tal er for morbank.
- Netto renteinntekter i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK).

# RAPPORT FRÅ STYRET

## Konsernet SpareBank 1 Søre Sunnmøre

Konsernrekneskapen per 31.03.21 er konsolidert på grunnlag av rekneskapane frå morbank og det heileigde dotterselskapet Eiksundregionen Eigedom AS. Vidare er banken sin eigardel i den felleskontrollerte verksemda Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar) konsolidert inn. Sjå i denne samanheng noten for rekneskapsprinsipp.

SpareBank 1 Søre Sunnmøre rapporterer årsrekneskapen etter IFRS. Alle tal i årsmeldinga er knytte til konsern om ikkje anna er opplyst. Tal i parentes er for tilsvarende periode i fjor.


Konsernet har 65 tilsette ved utgangen av 1. kvartal – til saman utgjer dette 65 årsverk.

## Resultat

### Per 31.03.2021

Konsernresultat før skatt i 1. kvartal 2021 er på 42,0 mill. kr. Dette er ein auke på 4,3 mill.kr mot same periode i fjor tilsvarende ein vekst på 11,4 prosent.


Resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent



Avkastninga på eigenkapitalen i 1. kvartal 2021 vart 10,2 prosent mot 10,8 prosent i tilsvarende periode i fjor.

## Netto renteinntekter, provisjonsinntekter og andre inntekter


Netto renteinntekter inkl. provisjon frå kredittføretak og netto prov.inntekter i mill. kr



Netto renteinntekter utgjer 34,4 mill. kr mot 41,1 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Gjennom 1. kvartal 2021 steig pengemarknadsrenta til det høgste nivået sidan 2. kvartal 2020. Dette kombinert med hard konkurranse om bustadlånkundane reduserar bidraget frå utlån til privatmarknaden til tross for auka utlånsvolum.

Det er i tillegg konkurranse på innskotssida som også bidreg til press nedover på rentemarginen.

Rentenetto i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapita




Netto provisjonsinntekter og andre inntekter var 23,1 mill.kr i kvartalet mot 18,8 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Auken i provisjonsinntektene stammar frå større overført utlånsvolum til kredittføretaka, og auke i inntekter frå forsikring og sparing og plassering samanlikna med tilsvarende kvartal i 2020.

Netto avkastning på finansielle eignelutar er 19,1 mill. kr mot 19,5 mill. kr i tilsvarende periode i 2020. Utbytte på direkteinvesteringar er 5,9 mill.kr medan inntekt frå felleskontrollert verksemd er på 5,0 mill.kr. Det er også bokført ein gevinst på 10,6 mill.kr som følgje av sal av 0,3 % av eigarposten i SamSpar i til SpareBank 1 Helgeland.

## Driftskostnader

Driftkostnader i mill.kr



Driftskostnadene i konsernet er redusert med 3,8 mill. kr samanlikna med same periode i fjor, og utgjør 32,4 mill. kr. Personal- og administrasjonskostnader er 2,6 mill.kr lågare i 1. kvartal 2021 samanlikna med same periode i 2020.

Kostnader i prosent av totale inntekter for konsernet utgjør 42,2 prosent per 31.03.2021 mot 45,5 prosent for tilsvarande periode i fjor.

## Tap og misleghald

Resultatrekneskapan er belasta med 2,5 mill. kr i tap mot 5,6 mill. kr i tilsvarande periode i 2020. Dette utgjør 0,11 prosent av brutto utlån ved utgangen av 1. kvartal 2021. Grunna fortsatt stor usikkerheit om korleis situasjonen vil utvikle seg framover og eit stort utfallsrom som følgje av at Covid-19 kan gi ringverknadar som ikkje er fanga opp i våre analyser vurderar banken at risikoen for uforutsette tapshendingar aukar, og spesielt innan offshorebransjen. Det vert difor gjort ei generell tapsavsetning mot offshorebransjen på 5,15 mill.kr i 1. kvartal 2021. Banken vel også å vidareføre den generelle tapsavsettinga mot offshorebransjen per 31.12.20. Den balanserførte verdien av den generelle tapsavsettinga er 14 mill.kr per 31.03.2021.

Brutto misleghaldne engasjement er på 36,7 mill. kr mot 41,6 mill. kr i same periode i 2020, og utgjør 0,40 prosent av brutto utlån mot 0,48 prosent mot same periode i 2020.

Per 31.03.2021 utgjør balanseførte tapsavsetningar på utlån og garantiar 58,3 mill. kr tilsvarande 0,57 prosent av brutto utlån og garantiar.

## Balanse

### Forvaltningskapital


Forvaltningskapitalen utgjør 11.165 mill. kr og har auka med 360,7 mill. kr sidan årsskiftet.

Forretningskapitalen inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS og Næringskreditt AS er på 14.719 mill. kr og har auka med 526,9 mill.kr sidan årsskiftet.

### Utlån

12-månaders veksten i brutto utlån inklusiv lån i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt er på 9,1 prosent og tilsvarar totale utlån på 12.671,9 mill. kr (11.615,1 mill. kr).

Brutto utlån til kunder i mill. kr og 12 mnd % - vekst inkl. kredittføretak



Ved kvartalskiftet var porteføljene i SpareBank 1 Boligkreditt og SpareBank 1 Næringskreditt høvesvis 3.395,5 mill. kr (2.790,6 mill. kr) og 157,7 mill. kr (161,0 mill. kr).


Som følger av auka overføringar til Boligkreditt er 12 – månaders veksten i brutto utlån på eigen balanse 4,2 prosent. Dette tilsvarer ein auke i utlån på 294,2 mill. kr (273,3 mill. kr). Den totale veksten over 12 månaders perioda på utlån til privatmarknaden inkl. overføringar til Boligkreditt er på 9,2 prosent tilsvarande 899,1 mill. kr (769,7 mill.kr).

Bedriftsmarknad inkludert SpareBank 1 Næringskreditt har auka med 157,8 mill. kr (23,1 mill. kr) som tilsvarar ein auke på 8,3 prosent (1,3 prosent).

### Innskot

Innskot har auka med 637,8 mill. kr (375,7 mill. kr) siste 12 månader til 7.735,6 mill. kr ved utgangen av kvartalet. Dette tilsvarar ein vekst på 9 prosent (5,6 prosent).

Innskot frå kundar i mill. kr og innskotsdekning eigen balanse og inkl. kredittføretak



Innskot frå personkundar er auka med 416,0 mill. kr til 4.722,9 mill. kr, og dette tilsvarar 9,7 prosent siste 12 månader. Innskot frå næringslivskunder er auka med 221,8 mill. kr til 3.012,7 mill. kr siste 12 månader, noko som tilsvarar ein auke på 7,9 prosent.

### Likviditet

Banken prioriterer å ha god likviditet, og har ein diversifisert forfallsstruktur på ekstern funding.

Samla ekstern finansiering utgjer 1.810 mill. kr. Av dette har 200 mill.kr forfall om under 1 år, 1.085 mill. kr forfall mellom 1 og 3 år, og 525 mill. kr forfall over 3 år.

Innskotsdekninga er 84,7 prosent (81,9 prosent) ved utgangen av kvartalet, og 61,0 prosent inklusive utlån overført til kredittføretak.

Obligasjonsporteføljen er stabil, og er tilpassa endra likviditetskrav. Banken rapporterer ein LCR på 262 prosent ved utgangen av kvartalet (175 prosent).

### Kapitaldekning

Banken sin soliditet er god. Per 31.03.2021 er rein kjernekapital i morbanken på 17,6 prosent. Som følger av at banken har eigarandelar i samarbeidande gruppar føretak banken forholdsmessig konsolidering. Rein kjernekapital forholdsmessig konsolidert er 18,0 prosent og 2,9 prosentpoeng over det regulatoriske kravet inkludert intern buffer. Kjernekapital utgjer 19,0 prosent og kapitaldekninga 21,5 prosent.

Uvekta kjernekapitalandel (LR – leverage ratio) utgjer 8,3 prosent.

Motsyklisk buffer blei av Finansdepartementet etter råd frå Norges Bank redusert frå 2,5 prosent til 1 prosent

den 13. mars 2020. Det regulatoriske kravet på rein kjernekapital er etter dette 14,1 prosent. Det interne kravet på rein kjernekapitaldekning er 15,1 prosent.

### Samarbeidende Sparebanker AS

SpareBank 1 Helgeland eig no 3 prosent i SamSpar-selskapene Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA og Samarbeidende Sparebanker AS. Transaksjonen blei gjennomført den 15. mars 2021 og er verdsatt til 145,2 mill.kr. SpareBank1 Søre Sunnmøre reduserte sin eigarandel med 0,3 prosent. Ny eigarandel etter transaksjonen er 7,52 prosent og den bokførte gevinsten er 10,6 mill.kr.

### Utsiktene framover

Nedgangen i BNP for fastlands-Norge blei på -2,5 % for 2020. Justert for færre verkedagar var fallet på -3,1 %. Dette er den største nedgangen som er målt for Noreg sitt fastland sidan målingane starta i 1970. Sjølv om det er knytt stor usikkerheit til prognosene er det venta at den gradvise bedringa i økonomien vil aksele-rere raskt etter kvart som vaksininga fullførast og restriksjonane hevast. Veksten er estimert til å verte 3,3 prosent i 2021. Høg sparerate blant hushaldningane gjennom Covid-19 pandemien er venta å verte snudd til konsum. Føresetnaden er at det ikkje vert nye runder med omfattande nedstengingar i andre halvår.

Covid-19 har ført til eit kraftig økonomisk tilbakeslag i norsk økonomi. Fortsatt strenge smitteverntiltak i sentrale delar av landet bidreg til å bremse oppgangen i økonomien. Grunna usikkerheit knytt til enkelte vaksiner har det nasjonale vaksineprogrammet blitt endra og forsinka samanlikna med den opprinnelege planen til myndigheitene. Dette medfører fortsatt stor usikkerheit til dei økonomiske prognosene. Låge renter og andre stimulerande tiltak har på den andre sida bidrege til å dempe nedgangen og reduserar faren for langvarige verknadar.

Tal frå SSB syner at hushaldningane sitt vare- og tenestekonsum samla sett blei redusert med 7,6 prosent i 2020. Dette er den største nedgangen i samla konsum sidan denne målinga starta i nasjonalrekneskapan for 1970. Nedgangen kom som følgje av strenge smitteverntiltak gjennom året. Denne utviklinga ser ein også i første halvår i 2021. Den disponible realinntekta i husholdninga har auka i den same perioda. Sidan dei samla inntektene i hushaldningane har vore jamt aukande og konsumet har falt, har dette gitt ei auka sparerate. Dette ser banken reflektert i innskotsveksten i privatmarknaden. Med den gradvise opninga av samfunnet



er det venta at tenestekonsumet også vil ta seg opp. Det er først mot slutten av 2021 eller starten av 2022 at samla konsum er venta å vere tilbake på same nivå som før Covid-19 krisa ramma Noreg. Dette forutsett at progresjonen i vaksininga tillet full normalisering av samfunnet.

Arbeidsløysa nasjonalt er venta å kome på 4,5 prosent i 2021, og deretter reduserast til 3,8 prosent i 2024. Føresetnaden er at betringa skjer i takt med at den økonomiske aktiviteten tar seg opp.

Prisutviklinga i bustadmarknaden har vore overraskande sterk, og tilbodet på bustadar i andrehandsmarknaden er avtakande. Desse faktorane gjer at SSB ventar at bustadprisane vil auke med 9,2 prosent i 2021 og 3,5 prosent i 2022.

Den positive utviklinga med gradvis gjenåpning og auken i innenlandsk etterspørsel har medført at andelen heilt arbeidsledige i Møre og Romsdal er redusert frå 9,3 prosent i slutten av mars 2020 til 2,8 prosent ved utgangen av mars 2021. Tala frå NAV syner også at andel heilt ledige er høgare i den ytre regionen med Ulstein, Hareid og Herøy på om lag 4,3 prosent samanlikna med den indre regionen med Volda og Ørsta på om lag 2,6 prosent.

Nivået på bustadprisane har auka 5,7 % målt ved andre områder i Møre og Romsdal (eksl. dei større byane i fylket). Ei utvikling som var betre enn tidlegare forventa. Første kvartal syner ei prisstigning på 3 prosent .

Det er god spreiding i næringslivet i marknadsområdet til banken. Krona har styrka seg vesentleg mot dei store valutane sidan årsskiftet. Men historisk sett er kronkursen relativt svak målt mot EUR og USD, noko som er positivt for eksportretta industri. Veksten ute hos handelspartnerar har vore sterkare enn venta og etter kvart som samfunna normaliserast er det venta at etterspørselen etter varer vil ta seg opp. Det er venta fortsatt god lønnsemd for aktørar innan både fiskeri og havbruk, men lågare etterspørsel frå utlandet har også negative effektar her. Sjølv om lakseeksporten oppretthaldt volumet gjennom 2020 var prisnedgangen på 6,5 % samanlikna med 2019. Innan oljeservice vil lågare investeringar fram mot 2022 dempe etterspørselveksten. Positive effektar frå endringar i petroleumsbeskatninga verkar positivt inn på investeringsviljen. For leverandørar til maritim industri er det venta at marknaden fortsatt vil vere krevande med press på lønsemda. For næringslivet i regionen er veksten

i produksjonen venta å auke dei neste 6 månadane, og investeringane er venta å ta seg opp . Det er også venta ein svak oppgang i sysselsettinga.

Samla sett er det positive utsikter i marknadsområdet til banken. Arbeidsløysa er betydeleg lågare enn same periode i 2020 og under landssnittet. Bustadprisane syner fortsatt ein låg til moderat prisvekst. Det regionale nettverket har positive utsikter og ventar oppgang i produksjon, investeringar og sysselsetting.

Styret er av den oppfatning av at banken i utgangspunktet har moderat tapsrisiko knytt til utlån. Tida framover vil fortsatt vere prega av stor usikkerheit og krevjande med omsyn på smittespreiing av Covid-19. Framdrift på vaksininga av innbyggjerane vil vere viktig for å redusere negative konsekvensar på økonomien til private og næringslivet.

Innteninga i 2021 vil fortsatt vere prega av reduserte rentemargarinar som følgje av fortsatt låge renter gjennom året. Det er venta lågare kredittetterspurnad som kan tilspisse konkurransesituasjonen ytterlegare.

Banken er godt kapitalisert med god likviditet, og som den lokale sparebanken vil vi vere ein sterk, engasjert og nær støttespelar for kundane våre også gjennom denne krevjande tida.


Volda, 12. mai 2021  
Styret i SpareBank 1 Søre Sunnmøre



Kjell Arvid Storeide  
Styrelsiar




Ole Reinhart Notø  
Nestliar



Kjersti Kleven  
Styremedlem




Arild Hatløy  
Styremedlem



Bente Fylken  
Styremedlem

Solveig Moe Frøland  
Styremedlem



Runar Gretland  
Tilsettereprasant



Møyfrid Lillenes  
Tilsettereprasant



Stig Brautaset  
Administrerande direktør

# RESULTAT

MORBANK			KONSERN					
31.12.2020	31.03.2020	31.03.2021	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020	
240.341	77.530	48.730	Renteinntekter målt til amortisert kost	1	48.346	76.889	238.440	
19.754	4.670	4.574	Renteinntekter målt til verkeleg verdi	1	4.574	4.670	19.754	
106.959	40.454	18.585	Rentekostnader		18.471	40.431	106.867	
<b>153.135</b>	<b>41.746</b>	<b>34.719</b>	<b>Netto renteinntekter</b>		<b>34.449</b>	<b>41.129</b>	<b>151.326</b>	
81.973	18.745	23.272	Provisjonsinntekter		23.272	18.745	81.973	
5.921	1.392	1.257	Provisjonskostnader		1.257	1.392	5.921	
672	167	143	Andre driftsinntekter		1.081	1.470	5.210	
<b>76.724</b>	<b>17.520</b>	<b>22.158</b>	<b>Netto provisjons- og andre inntekter</b>		<b>23.097</b>	<b>18.823</b>	<b>81.262</b>	
27.170	119	6.862	Utbytte		5.923	119	11.893	
-	-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollerte verksemdar		5.024	17.851	41.839	
11.011	1.482	8.139	Netto verdiendring på finansielle eignelutar		8.139	1.482	11.011	
<b>38.181</b>	<b>1.601</b>	<b>15.001</b>	<b>Netto avkastning på finansielle investeringar</b>		<b>19.087</b>	<b>19.451</b>	<b>64.743</b>	
<b>268.041</b>	<b>60.866</b>	<b>71.878</b>	<b>Sum inntekter</b>		<b>76.632</b>	<b>79.402</b>	<b>297.331</b>	
64.245	17.358	16.101	Personalkostnader		16.147	17.425	64.529	
37.821	10.600	9.317	Administrasjonskostnader		9.317	10.600	37.821	
6.508	1.713	1.461	Avskrivningar av varige driftsmidlar		1.056	2.168	8.200	
223	106	-	Gevinst sal/nedskrivningar varige driftsmidlar		-	106	223	
18.987	5.160	4.364	Andre driftskostnader		5.841	6.054	20.984	
<b>127.338</b>	<b>34.724</b>	<b>31.243</b>	<b>Sum driftskostnader</b>		<b>32.360</b>	<b>36.140</b>	<b>131.310</b>	
<b>140.703</b>	<b>26.142</b>	<b>40.635</b>	<b>Resultat før tap</b>		<b>44.272</b>	<b>43.262</b>	<b>166.020</b>	
7.332	-	-248	Nedskrivning aksjar		-248	-	-	
16.692	5.573	2.510	Tap på utlån, garantiar	4	2.510	5.573	16.692	
<b>116.679</b>	<b>20.569</b>	<b>38.373</b>	<b>Resultat før skatt</b>		<b>42.010</b>	<b>37.689</b>	<b>149.329</b>	
26.410	3.300	7.900	Skattekostnad		7.900	3.300	26.410	
<b>90.269</b>	<b>17.269</b>	<b>30.473</b>	<b>Resultat for perioden</b>		<b>34.110</b>	<b>34.389</b>	<b>122.919</b>	
90.269	17.269	30.473	<b>Utvida resultatrekneskap</b> Resultat for perioden		34.110	34.389	122.919	
-198	-54	-	<i>Postar som ikkje kan bli reklassifisert over resultatet</i> Netto estimat- og skatteavvik pensjonar		14	-54	-198	
-	-	-	<i>Postar som kan bli reklassifisert over resultatet</i> Andel utvida resultat i felleskontrollert verksemd		39	324	1.170	
6.150	-	4	Endring verkeleg verdi, utlån		4	-	6.150	
-1.538	-	-1	Skatteeffekt		-1	-	-1.538	
<b>4.415</b>	<b>-54</b>	<b>3</b>	<b>Utvida resultat i perioden</b>		<b>55</b>	<b>271</b>	<b>5.585</b>	
<b>94.684</b>	<b>17.215</b>	<b>30.476</b>	<b>Totalresultat for perioden</b>		<b>34.165</b>	<b>34.660</b>	<b>128.504</b>	

# BALANSE

MORBANK			KONSERN				
31.12.2020	31.03.2020	31.03.2021	(Tal i heile tusen kroner)	Notar	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
			<b>Eignelutar</b>				
38.032	36.858	35.905	Kontantar og fordringar på sentralbanken		35.905	36.858	38.032
471.147	731.260	876.152	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6	876.152	731.260	471.147
9.172.693	8.665.608	9.136.839	Netto utlån til kundar	3	9.079.178	8.603.002	9.111.464
1.566	1.566	-	Overtekne eigedomar		-	1.566	1.566
345.880	374.498	344.926	Sertifikat og obligasjonar med fast avkastning	6,7	344.926	374.498	345.880
511.851	483.815	513.988	Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinteresser	6,7	513.989	483.815	511.851
93.234	77.982	89.819	Investeringar i felleskontrollerte verksemder	6	179.619	152.874	177.110
-	7.332	-	Investering i konsernselskap	6	-	-	-
(1.460)	2.066	(1.461)	Utsett skattefordel		3.903	7.496	3.904
55.361	55.351	53.981	Varige driftsmidlar		106.081	119.095	107.880
24.399	46.838	19.267	Andre eignelutar		19.106	46.857	28.132
7.845	9.833	6.667	Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter		6.681	9.835	7.845
<b>10.720.549</b>	<b>10.493.008</b>	<b>11.076.084</b>	<b>Sum eignelutar</b>		<b>11.165.540</b>	<b>10.567.157</b>	<b>10.804.811</b>
			<b>Gjeld</b>				
179.402	180.016	1.239	Innskot frå og gjeld til kredittinstitusjonar	6	1.239	180.016	179.402
7.215.802	7.099.739	7.736.477	Innskot frå og gjeld til kundar	6,9	7.735.576	7.097.752	7.214.605
1.821.449	1.742.442	1.817.871	Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	7,9	1.817.871	1.742.442	1.821.449
53.958	79.021	43.458	Anna gjeld	4	39.303	74.779	49.731
6.731	7.177	8.027	Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter		8.393	7.177	7.097
8.506	10.083	9.281	Avsetning til forpliktingar		9.281	10.083	8.506
150.601	151.030	150.633	Ansvarleg lånekapital	6,8	150.633	151.030	150.601
<b>9.436.449</b>	<b>9.269.507</b>	<b>9.766.985</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>9.762.295</b>	<b>9.263.277</b>	<b>9.431.390</b>
			<b>Eigenkapital</b>				
100.000	100.000	100.000	Eigardelskapital	11	100.000	100.000	100.000
193	193	193	Overkursfond		193	193	193
24.838	28.338	24.838	Utjæmningsfond		24.838	28.338	29.838
1.076.728	1.005.959	1.076.728	Sparebankfondet	5	1.076.728	1.005.959	1.076.728
25.144	21.094	20.116	Gåvefond		20.116	21.094	25.144
1.482	1.482	1.482	Kompensasjonsfond		1.482	1.482	1.482
-	-	-	Fond for vurderingsskilnader FKV/TS		89.800	74.892	83.876
5.714	16.435	35.742	Annan eigenkapital		40.088	21.922	6.159
50.000	50.000	50.000	Hybridkapital	6	50.000	50.000	50.000
<b>1.284.100</b>	<b>1.223.501</b>	<b>1.309.099</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	5	<b>1.403.245</b>	<b>1.303.880</b>	<b>1.373.420</b>
<b>10.720.549</b>	<b>10.493.008</b>	<b>11.076.084</b>	<b>Forvaltingskapital</b>		<b>11.165.540</b>	<b>10.567.157</b>	<b>10.804.811</b>
			<b>Forvaltingskapital inkl. Boligkreditt/ Næringskreditt</b>				
<b>14.107.676</b>	<b>13.444.621</b>	<b>14.629.359</b>	Garantiansvar		201.473	216.845	159.802
159.802	216.845	201.473	Deponert i Noregs Bank		220.709	199.416	220.709

# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

MORBANK			KONSERN	
31.12.2020	31.03.2021	(Tal i heile tusen kroner)	31.03.2021	31.12.2020
116.679	38.373	Resultat før skatt	42.010	149.329
-	-	Inntekt av eigarinteresser i felleskontrollert verksemd	-5.024	-41.839
13.840	1.461	+ av- og nedskrivningar	1.056	8.200
16.692	2.510	+ Tap på utlån/garantiar	2.510	16.692
-26.410	-7.900	- Betalbar skatt	-7.900	-26.410
<b>120.801</b>	<b>34.444</b>	<b>Tilført frå årets verksemd</b>	<b>32.652</b>	<b>105.972</b>
-2.845	6.310	Endring andre fordringar	10.189	-5.905
-1.840	-8.425	Endring anna kortsiktig gjeld	-7.165	-4.287
-338.211	33.344	Endring utlån	29.776	-340.012
-60.756	-405.005	Endring kredittinstitusjonar	-405.005	-60.756
251.668	520.675	Endring innskot frå kundar	520.971	252.433
178.127	-178.163	Endring innskot kredittinstitusjonar	-178.163	178.127
-171.167	955	Endring sertifikat og obligasjonar	955	-171.167
<b>-24.222</b>	<b>4.135</b>	<b>A) Netto kontantstraum frå operasjonell aktivitet</b>	<b>4.210</b>	<b>-45.596</b>
-11.961	-81	Brutto investeringar i bygningar/driftsmidlar	743	9.464
-	1.566	Avgang bygningar/driftsmidlar	1.566	-
-587	3.414	Endring kap. tilkn. selskap/dotterselskap	2.515	-639
-28.328	-2.137	Endring aksjar og eigarinteresser	-2.137	-28.328
<b>-40.877</b>	<b>2.762</b>	<b>B) Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet</b>	<b>2.686</b>	<b>-19.503</b>
		<b>Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar*</b>		
436.414	196.421	Opptak av gjeld gjennom utferding av verdipapir	196.421	436.414
-438	32	Opptak av ansvarleg lånekapital	32	-438
50.000	-	Opptak av hybridkapital	-	50.000
-355.000	-200.000	Tilbakebetaling av utferda verdipapir	-200.000	-355.000
-	-	Tilbakebetaling av utferda ansvarleg lån	-	-
-50.000	-	Tilbakebetaling av utferda hybridkapital	-	-50.000
-16.880	-5.028	Utbetaling av utbytte og gåver	-5.028	-16.880
-3.701	-448	Endring opptak av hybridkapital over EK	-448	-3.701
<b>60.396</b>	<b>-9.023</b>	<b>C) Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet</b>	<b>-9.023</b>	<b>60.395</b>
<b>-4.703</b>	<b>-2.126</b>	<b>A) + B) + C) Netto endringar i likvidar i året</b>	<b>-2.126</b>	<b>-4.703</b>
42.735	38.032	Likviditetsbeholdning inngåande balanse	38.032	42.735
38.032	35.905	Likviditetsbeholdning utgåande balanse	35.905	38.032
<b>-4.703</b>	<b>-2.126</b>	<b>Endring</b>	<b>-2.126</b>	<b>-4.703</b>

## \*Endring i Finansieringsaktivitetar

Finansieringsaktivitetar bokført som gjeld	31.03.2021	Emittert 31.03.2021	Løyst inn 31.03.2021	31.12.2020
<b>Verdipapirgjeld</b>				
Sertifikatgjeld, nominell verdi	-	-	-	-
Obligasjongjeld, nominell verdi	1.810.000	200.000	-200.000	1.810.000
Verdijusteringar og påløpne renter	7.871	-	-	11.449
<b>Sum verdipapirgjeld</b>	<b>1.817.871</b>	<b>200.000</b>	<b>-200.000</b>	<b>1.821.449</b>
<b>Ansvarleg lånekapital</b>				
Ansvarleg lånekapital, nominell verdi	150.000	-	-	150.000
Verdijusteringar og påløpne renter	633	-	-	601
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>	<b>150.633</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>150.601</b>
<b>Total finansieringsaktivitetar bokført som gjeld</b>	<b>1.968.503</b>	<b>200.000</b>	<b>-200.000</b>	<b>1.972.050</b>
<b>Finansieringsaktivitetar bokført som eigenkapital</b>				
Hybridkapital	50.000	-	-	50.000
Betalte renter hybridkapital	-	-	-448	-
<b>Sum hybridkapital</b>	<b>50.000</b>	<b>-</b>	<b>-448</b>	<b>50.000</b>

# ENDRING I EIGENKAPITAL

## MORBANK

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital og hybrid- kapital	Kompensa- sjonsfond	Sum eigen- kapital
<b>Eigenkapital per 31.12.2019</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.005.959</b>	<b>28.338</b>	<b>24.024</b>	-	<b>50.000</b>	<b>1.482</b>	<b>1.209.996</b>
Disponert Årsresultat	-	-	-	-	-	-	5.000	-	-6.000
Disponert utvida resultat	-	-	70.769	4.500	10.000	-	4.415	-	90.269
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-3.701	-	-12.872
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	50.000	-	50.000
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-50.000	-	-50.000
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-8.000
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.880	-	-	-	-8.880
<b>Eigenkapital per 31.12.2020</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>24.838</b>	<b>25.144</b>	-	<b>55.714</b>	<b>1.482</b>	<b>1.284.100</b>
Disponert Kvartalsresultat	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	30.473	-	30.473
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	3	-	3
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-448	-	-448
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-5.028	-	-	-	-5.028
<b>Eigenkapital per 31.03.2021</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>24.838</b>	<b>20.116</b>	-	<b>85.742</b>	<b>1.482</b>	<b>1.309.099</b>

## KONSERN

(Tal i heile tusen kroner)	Eigar- andels- kapital	Overkurs og kompensa- sjonsfond	Sparebank- fondet	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital og hybrid- kapital	Kompensa- sjonsfond	Sum eigen- kapital
<b>Eigenkapital per 31.12.2019</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.005.959</b>	<b>28.338</b>	<b>24.024</b>	<b>56.650</b>	<b>55.665</b>	<b>1.482</b>	<b>1.272.311</b>
Disponert Årsresultat	-	-	70.769	4.500	10.000	41.839	-11.521	-	115.587
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	-	5.585	-	5.585
Endring balanseført verdi TKV/FKV/DS	-	-	-	-	-	665	-146	-	519
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-3.701	-	-3.701
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	50.000	-	50.000
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-50.000	-	-50.000
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-8.000	-	-	-	-	-8.000
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	-15.277	15.277	-	-
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-8.880	-	-	-	-8.880
<b>Eigenkapital per 31.12.2020</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>24.838</b>	<b>25.144</b>	<b>83.876</b>	<b>61.159</b>	<b>1.482</b>	<b>1.373.420</b>
Disponert Kvartalsresultat	-	-	-	-	-	5.024	29.086	-	34.110
Disponert utvida resultat	-	-	-	-	-	39	17	-	55
Endring balanseført verdi TKV/FKV/DS	-	-	-	-	-	-78	274	-	197
Renter fondsobligasjonar mot EK	-	-	-	-	-	-	-448	-	-448
Emittert hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Innfridd hybridkapital	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utbetaling av utbytte	-	-	-	-	-5.028	-	-	-	-5.028
Utbytte frå FKV	-	-	-	-	-	939	-	-	939
Føring mot fond for vurderingsskilnadar FKV	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Utdeling av gåver	-	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Eigenkapital per 31.03.2021</b>	<b>100.000</b>	<b>193</b>	<b>1.076.728</b>	<b>24.838</b>	<b>20.116</b>	<b>89.800</b>	<b>90.088</b>	<b>1.482</b>	<b>1.403.245</b>

# NOTAR

## Note 1

### Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen for SpareBank 1 Søre Sunnmøre omfattar perioden 01.01.2021 - 31.03.2021, og er utarbeidd i samsvar med IFRS, herunder IAS 34 Interim Financial Reporting. Ei skildring av alle rekneskapsprinsippa konsernet har lagt til grunn ved avlegging av kvartalsrekneskapen, framgår av årsrekneskapen for 2020. Det er ikkje føreteke endringar i rekneskapsprinsipp sidan årsrekneskapen for 2020.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

## Note 2

### Segmentinformasjon

Leiinga har vurdert kva for segment som er rapporterbare med utgangspunkt i distribusjonsform, produkt og kundar. Det primære rapporteringsformatet tek utgangspunkt i risikoen i eignelutane og avkastningsprofilen og er delt opp i privatmarknad inkludert sjølvstendig næringsdrivande og bedriftsmarknad. Banken sine egne

investeringsaktivitetar er ikkje eit separat rapporterbart segment og kjem fram under posten ufordelt saman med aktivitetar som ikkje let seg allokere til privat- eller bedriftsmarknaden. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske sekundærsegment gir lite tilleggsinformasjon.

#### KONSERN 31.03.2021

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
<b>Resultatrekneskap</b>				
Netto renteinntekter	23.767	11.007	-324	34.449
Netto provisjons- og andre inntekter	16.102	3.932	3.063	23.097
Driftskostnader	-21.974	-8.127	-2.259	-32.360
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	19.087	19.087
Tap på utlån og garantiar	923	-3.255	70	-2.262
<b>Resultat før skatt</b>	<b>18.817</b>	<b>3.556</b>	<b>19.636</b>	<b>42.010</b>
<b>Balanse</b>				
Utlån til kundar	7.310.775	1.807.919	-	9.118.694
Forventa tap på utlån	-14.019	-35.487	-	-49.506
Andre eignelutar	-	-	2.096.353	2.096.353
<b>Sum eignelutar per segment</b>	<b>7.296.756</b>	<b>1.772.432</b>	<b>2.096.353</b>	<b>11.165.540</b>
Innskot frå og gjeld til kundar	4.722.919	3.012.657	-	7.735.576
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.429.964	3.429.964
<b>Sum eigenkapital og gjeld per segment</b>	<b>4.722.919</b>	<b>3.012.657</b>	<b>3.429.964</b>	<b>11.165.540</b>

#### KONSERN 31.03.2020

(Tal i heile tusen kroner)

	Person	Bedrift	Anna	Totalt
<b>Resultatrekneskap</b>				
Netto renteinntekter	26.466	14.711	-48	41.129
Netto provisjons- og andre inntekter	13.273	4.150	1.400	18.823
Driftskostnader	-24.783	-8.929	-2.428	-36.140
Netto avkastning på finansielle investeringar	-	-	19.451	19.451
Tap på utlån og garantiar	954	-6.634	107	-5.573
<b>Resultat før skatt</b>	<b>15.910</b>	<b>3.298</b>	<b>18.482</b>	<b>37.689</b>
<b>Balanse</b>				
Utlån til kundar	7.016.605	1.646.852	-	8.663.457
Individuelle nedskrivningar på utlån	-8.665	-2.450	-	-11.115
Forventa tap på utlån	-14.105	-35.236	-	-49.341
Andre eignelutar	-	-	1.980.446	1.980.446
<b>Sum eignelutar per segment</b>	<b>6.993.835</b>	<b>1.609.166</b>	<b>1.980.446</b>	<b>10.583.447</b>
Innskot frå og gjeld til kundar	4.306.925	2.790.826	-	7.097.752
Anna gjeld og eigenkapital	-	-	3.485.696	3.485.696
<b>Sum eigenkapital og gjeld per segment</b>	<b>4.306.925</b>	<b>2.790.826</b>	<b>3.485.696</b>	<b>10.583.447</b>



## Note 3

### Utlån til og krav på kundar

MORBANK				KONSERN		
31.12.2020	31.03.2020	31.03.2021	Brutto utlån fordelt på risikogrupper	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
3.439.146	3.115.838	3.457.328	Svært låg risiko	3.457.328	3.115.838	3.439.146
3.345.607	3.164.232	3.195.109	Låg risiko	3.137.449	3.101.625	3.284.379
2.101.553	2.105.881	2.258.503	Middels risiko	2.258.503	2.105.881	2.101.553
158.605	147.591	113.582	Høg risiko	113.582	147.591	158.605
105.083	131.892	94.008	Svært høg risiko	94.008	131.892	105.083
54.508	60.630	57.824	Mislegald og nedskrive	57.824	60.630	54.508
<b>9.204.503</b>	<b>8.726.064</b>	<b>9.176.354</b>	<b>Sum Brutto utlån</b>	<b>9.118.694</b>	<b>8.663.457</b>	<b>9.143.274</b>
31.12.2020	31.03.2020	31.03.2021	Brutto utlån fordelt på sektor og næring	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
7.278.864	7.016.605	7.310.775	Lønstakarar o.l.	7.310.775	7.016.605	7.278.864
514	2	484	Offentleg forvaltning	484	2	514
111.818	98.279	108.201	Jordbruk/skogbruk	108.201	98.279	111.818
5.561	4.372	5.493	Fiske/fangst	5.493	4.372	5.561
134.557	67.460	127.630	Havbruk	127.630	67.460	134.557
888	31.403	812	Shipping	812	31.403	888
303.432	255.740	302.602	Offshore og oljerelatert verksemd	302.602	255.740	303.432
44.773	44.922	50.070	Industri og bergverk	50.070	44.922	44.773
419.481	377.270	383.601	Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning	383.601	377.270	419.481
193.735	188.835	139.743	Hotell og handel	139.743	188.835	193.735
47.863	4.435	47.633	Transport og anna tenesteytande verksemd	47.633	4.435	47.863
145.707	145.437	146.860	Finansieringsverksemd	146.860	145.437	145.707
339.441	346.151	330.199	Eigedomsdrift	272.538	283.544	278.212
93.204	58.335	98.803	Forretningsmessig tenesteyting	98.803	58.335	93.204
84.664	86.817	123.448	Næringar elles	123.448	86.817	84.664
<b>9.204.503</b>	<b>8.726.064</b>	<b>9.176.354</b>	<b>Sum brutto utlån</b>	<b>9.118.694</b>	<b>8.663.457</b>	<b>9.143.274</b>
